




Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200903949-11/313/ENDKOR

Dykkar ref.:
200601212-/

Bergen, 07. desember 2009

Høyring - Forskriftsendringar i akvakulturregelverket i samsvar med forvaltningsreforma

Vi viser til høyringsbrev av 29.10.2009 om forskriftendringar i akvakulturregelverket i samsvar med forvaltningsreforma.

1. Bakgrunn

Fiskeri- og kystdepartementet vil for å sikre gjennomføring av forvaltningsreforma, jf. Ot.prp. nr. 10 (2008-2009) Om lov om endringar i forvaltningslovgivningen mv. (gjennomføring av forvaltningsreforma) fastsette endringar i akvakulturregelverket gjeldande frå 01.01.2010. Denne høyringa gjeld endringar i følgjande forskrifter:

- Forskrift om tildeling og drift ved havbeiteverksemd
- Forskrift om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret
- Forskrift om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret
- Forskrift om akvakulturregisteret
- Forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert virksomhet i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder.

Forvaltningsreforma inneberer at Fiskeridirektoratet sitt regionkontor si sakshandsaming knytt til tildeling av løyver, skal overførast til fylkeskommunane. Fylkeskommunane skal koordinere og vidaresende akvakultursøknader til relevante sektorstyresmakter og kommunar. Fylkeskommunane skal også sakshandsame søknader om løyve til både antallavgrensa og ikkje-antallavgrensa løyver. Vidare skal fylkeskommunane sakshandsame søknader om endringar for eksisterande verksemdar og lokalitetsklareringar.

Forvaltningsreforma medfører ikkje materielle endringar i forskriftsverket. Endringane som vert føreslegne er av formell karakter, dvs. at henvisningar til Fiskeridirektoratet sitt regionkontor vert erstatta med fylkeskommunane og at myndighetsområde etter forskriftene vert presisert. Tildeling av akvakulturløyver skjer i medhald av dei rammer akvakulturlova sett. Regelverket legg til grunn at tildelingsstyresmaktene si søknadshandsaming i hovudsak skal vera basert på faglege vurderingar. I den grad forskriftsverket opnar for bruk av skjønn, skal skjønnet vera faglege kvalifisert. Dersom søkjaren tilfredstiller krava i forskriftene, skal det som hovudregel gjevast løyve.

2. Vurderingar


Hordaland fylkeskommune sluttar seg i hovudsak til dei framlagde forslaga til endringar i forskriftene. Ein legg her vekt på at forskriftsendringane lojalt følgjer opp dei føringane som ligg i Ot.prp. 10 (2008-2009) og Innst. O. nr. 30 (2008-2009) om gjennomføring av forvaltningsreforma, og vil tre i kraft frå 01.01.2010.


Fiskeri- og Kystdepartementet gjer framlegg om at søknader som er innlevert til Fiskeridirektoratet sitt regionkontor før årsskiftet og som ikkje er ferdighandsama innan 01.01.2010 skal slutthandsamast ved Fiskeridirektoratet sitt regionkontor. Det vert lagt vekt på at fylkeskommunane skal starte sakshandsaminga med "blanke ark" på nye søknader etter årsskiftet.

Hordaland fylkeskommune er kjent med at når forvaltningsreforma trer i kraft 01.01.2010 vil det i Hordaland fylke liggje om lag 100 søknader som ikkje er ferdighandsama ved Fiskeridirektoratet sitt regionkontor. Hordaland fylkeskommune, i samarbeid med Fiskeridirektoratet Region Vest, har planlagt og tilrettelagt for å vere i stand til å overta all sakshandsaming etter årsskiftet. I dette ligg det og at to sakshandsamar frå regionkontoret har byrja i Hordaland fylkeskommune i oktober/november 2009. På grunn av overgangar til fylkeskommunane er sakshandsamarkapasiteten i Fiskeridirektoratet Region Vest halvert.

Hordaland fylkeskommune vil påpeike at det kan vere uheldig at vedtakskompetansen er plassert to stader avhengig av på kva side av årsskiftet 2009/2010 søknadane vart innlevert. Dette vil gjelde inntil siste søknad innlevert Fiskeridirektoratet er ferdig handsama. Når ein er kjent med at normal sakshandsamingstid er frå 6 -12 månader vil dette truleg vere gjeldane i heile 2010. I denne perioden vil verksemdene, kommunar og sektorstyresmaktene ha to tildelingsstyresmakter å forholde seg til. I saker der forskriftsverket opnar for bruk av skjønn kan den faglege vektlegginga vera ulik i fylkeskommunane i høve til Fiskeridirektoratet sine regionkontor.

Hordaland fylkeskommune er førebudd og vil truleg vera klar til å overta all sakshandsaminga frå 01.01.2010. For havbruksforvaltninga vil det truleg vera mest formålsteneleg at søknader innlevert til Fiskeridirektoratet før årsskiftet 2009/2010 vert vidare send til fylkeskommunen for vidare handsaming.


Jan Per Styve


Matti Torgersen

Kopi: Fylkesutvalet